

Fylkesstyremøte Vestland – 2024

Fredag 2.2. kl.09:00 – 14:00

Sakskart for møte i Bergen



Jonas Eskeland
Kategori: Musikk
Sted: Bergen, Vestland
Nominert: 2024



Neil Zhao
Kategori: Åpen klasse
Sted: Bergen, Vestland
Nominert: 2024



Maria Johanne Liabo
Kategori: Skapende skriving
Sted: Osterøy, Vestland
Nominert: 2024



Synne Hellebo
Kategori: Musikk
Sted: Høyanger, Vestland
Nominert: 2024



Sara Sandvik Arnestad
Kategori: Dans
Sted: Stad, Vestland
Nominert: 2024



Kolbein Bukve
Kategori: Musikk
Sted: Luster, Vestland
Nominert: 2024



Anna Isabella Lazaga Helgadóttir
Kategori: Visuell kunst
Sted: Bergen, Vestland
Nominert: 2024



Adrian Softeland Midtgard
Kategori: Musikk
Sted: Kinn, Vestland
Nominert: 2024



Angy Avendano
Kategori: Teater
Sted: Lærdal, Vestland
Nominert: 2024



Kennedy Niyokindi
Kategori: Musikk
Sted: Bergen, Vestland
Nominert: 2024



Vilde Stensland Vinje
Kategori: Åpen klasse
Sted: Tysnes, Vestland
Nominert: 2024



Twisted Days
Kategori: Musikk
Sted: Bjørnafjorden, Vestland
Nominert: 2024



Paul Norwin Schmidt
Kategori: Musikk
Sted: Ulvik, Vestland
Nominert: 2024

[Draumestipendnominerte frå Vestland – utval av totalt 83 nominerte.](#)

Sakskart til fylkesstyret sitt styremøte 2.2.24:

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2024.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 4. kvartal	5
Rådgjevar sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2024.03 Styrearbeid	8
2024.04 Politisk arbeid	9
2024.05 Utviklingsområda	10
2024.06 Orienteringar	12
2024.07 Eventuelt	13

Frå fylkesstyret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal
varamedlem Kirill Zimin
varamedlem Kjartan Fjordheim

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjent.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Fylkesstyret:

leiar

nestleiar

styremedlem

styremedlem

styremedlem

varamedlem

varamedlem

Hege Eide Vik

Kjetil Høgseth Felde

Øystein Røsseland Kvinge

Karianne Kayser

Rolf Seldal

Kirill Zimin

Kjartan Fjordheim

Administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

Innkalling til fylkesstyremøte i Vestland, nr. 1 – 2024 den 2.2.24 kl. 09:00-14:00.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 1 – 2024	2.2 / 09:00-14:00	Bergen

Innkallinga er i samsvar med endra møteplan.

Sakskartet vert utsendt fjorten dagar før. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2024.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 4. kvartal 2023 side 5.
 2. Rådgjevar sin rapport side 6-7.
 3. Nestleiar sin rapport frå siste hovudstyremøte side 7.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 4. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112

Norsk Kulturskoleråd

Hele 2023

Organisasjonsnr.: 875627422

Utskriftsdato: 08.01.2024

NOK	Perioden, Januar - Desember		
	2023	2022 Avvik	Endring
Salgsinntekter	571 203	610 184	- 38 981 -6,4%
Sum driftsinntekter	571 203	610 184	- 38 981 -6,4%
Bruttofortjeneste	571 203	610 184	- 38 981 -6,4%
Lønnskostnad	61 616	29 513	32 103 108,8%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	8 704	4 161	4 542 109,1%
Sum personalkostnader	70 320	33 675	36 645 108,8%
Kostnader lokaler	13 000	59 792	- 46 792 -78,3%
Leie maskiner, inventar o.l.	40 000	18 400	21 600 117,4%
Kostnadsførte anskaffelser		1 581	- 1 581
Fremmede tjenester	30 000	99 239	- 69 239 -69,8%
Kontorkostnad	9 142	5 930	3 212 54,2%
Telefon, porto o.l.	2 418	2 786	- 368 -13,2%
Kostnad og godtgjørelse for reiser	250 737	430 506	- 179 769 -41,8%
Kontingenter og gaver	6 780	5 311	1 469 27,6%
Annen kostnad	275	357 012	- 356 737 -99,9%
Sum driftskostnader	352 353	980 557	- 628 204 -64,1%
Driftsresultat	148 530	- 404 048	552 578 -
Resultat før skatt	148 530	- 404 048	552 578 -
Årsresultat	148 530	- 404 048	552 578 -
Overføringer og disponeringer		- 404 048	404 048

Merknad:

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nytter, som vert levert av Visma. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er konsulenthonorar.

Rådgjevar sin rapport

Nettverksarbeid

- 1. Konferanse i samarbeid med KS Vestland 17. november 2023 i Bergen:** Program. Målgruppa var medlemmene ved politisk og administrativt tilsette i kommunane, kulturskuleleiinga, samarbeidspartar frå ulike sektorar. Presentasjonar vart lagt tilgjengeleg i etterkant av konferansen og ein måned fram i tid.
- 2. Informasjon om Framtidas kulturskule regionale program** vart sendt ut til kommunane i Vestland i desember med påminning i januar. Vestland tok del i premøte 11. januar med seks påmelde kommunar.
- 3. Rammeplanrevideringa** vert sendt på høyring veke 6-12. Det er sendt varsel til kommunane i Vestland 18. januar, slik at dei kan førebu politisk sakshandsaming av høyring på revidert rammeplan.
- 4. Digitale leiarmøte** vart arrangert 12. og 15. januar med 23 kulturskular / kommunar representert av totalt 41. Det var sett opp to korte møter med same tema, for å gje flest mogleg høve til å ta del. Fylkesstyret var representert ved styreleiar, nestleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Styreleiar orienterte om ny planstrategi i kommunane og oppmoda til aktiv medverknad frå kulturskulane og deira leiing.

Tema på møta var:

1. Status frå fylkesavdelinga
2. Ny planstrategi i kommunane og kulturskulane
3. Rammeplanrevidering og høyring veke 6-12
4. Status i kommunane / kulturskulane.
5. Innspel frå rektorane til handlingsplan for Norsk kulturskoleråd Vestland 2024-2025 i tråd med årsmøtevedtak i sak 6
6. «De unges festspilldag» og «De unges festspillforestilling» 2024
7. Innspel til organisering av leiarmøte og samlingar perioden 2024-2025.

I etterkant av møta vart presentasjonar og informasjon utsend til kulturskulane i Vestland. Det er oppmoda om å gje innspel til landstingssaker, fylkesstyresaker, handlingsplan og utviklingsområda.

- 5. Fylkeskulturkonferansen** vart arrangert på Stord den 23.11. Frå fylkesavdelinga representerte nyvald styreleiar og rådgjevar.
- 6. Høgskulen på Vestlandet (HVL)** inviterte til møte den 5. desember i høve utvikling av nye tilbod. Rådgjevar representerte. Fleire organisasjonar og institusjonar i Vestland og i Bergen tok del. HVL inviterte til oppfylgingsmøte i høve innspel frå fylkesavdelinga. I møtet tok tilsette i funksjonsområdet digitalitet del og rådgjevar i Vestland saman med rådgjevar i Rogaland, som og er del av funksjonsområdet FoU i Kulturskolerådet og del av administrativt team i Region Vest. Leiinga i Kulturskolerådet vert no involvert i framlegg til plan for samhandling med HVL om utarbeiding av nye studietilbod.

Styrearbeid

- 1. Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar og rådgjevar, hadde møte 06 – 2023 den 20. oktober, møte 07 – 2023 den 26. oktober. Møte med AU perioden 2023-2025 har hatt møte 08 – 2023 den 19. desember og 01- 2023 den 10. januar.
- 2. Valkomiteen** i Norsk kulturskoleråd Vestland hadde møte 26. oktober. Valkomiteen sin leiar tok del i styremøte 5 – 2023 den 27. oktober for å orientere om innstilling til nytt styre i Norsk kulturskoleråd Vestland.
- 3. Styremøte** i Norsk kulturskoleråd Vestland 05 – 2023 den 27. oktober på nett.
- 4. Arbeidsmøte** i Norsk kulturskoleråd Vestland den 15. november i Bergen.

7. **Årsmøte** i Norsk kulturskoleråd Vestland den 16. november i Bergen: [sakskart og protokoll](#).
8. **Sandal- og Stoveland utvala** sitt høyringskriv med spørsmål til medlemmene vart handsama i gruppearbeid 16.11.2023 med dei som tok del på årsmøtet. Samanfating av referata frå gruppene er levert sekretær for utvala og er sendt kulturskuleleiinga i Vestland. Det nye fylkesstyret ser vidare på saka.
9. **Norsk kulturskoleråd Rogaland** hadde første arbeidsmøte og styremøte 11. desember. Rådgjevar tok del i høve ny ordning i Kulturskolerådet med administrative regionar, der Rogaland og Vestland er rekna som ein administrativ region. Rådgjevar i Rogaland er invitert på arbeidsmøte og styremøte 01-2024 i Vestland.
10. **Landstinget Bodø 2024**
Forslag på kandidatar til verv i Norsk kulturskoleråd vert å sende valkomiteen innan 1. mars.
Forslag på saker til landstinget vert å sende fylkesstyret innan fredag 15. mars.
Sjå dokument på [nettsida](#).

Utviklingsområde

1. **Digitalitet, fordjuping og mangfald** vart på årsmøtet i Norsk kulturskoleråd Vestland vedtekne utviklingsområde perioden 2023-2025.
«**Fremtidens kulturskole**» vert rammeverk for utviklingsarbeidet perioden 2023–25.
Medlemmene og samarbeidspartar vert involvert i høve handlingsplan perioden 2024-2025 for Norsk kulturskoleråd Vestland, som vert utarbeidd og handsama i fylkesstyret.

[Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte](#)

Rapport for hovudstyremøte 4-2023 vert lagt fram munnleg av nestleiar på styremøte 1-2024 på grunnlag av [sakskart og protokoll](#).

2024.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Sjå [nettsida til Norsk kulturskoleråd Vestland](#).
Andre saksdokument vert utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Retningslinjer for reiserekning og styreinstruks er tatt til orientering.
2. Fylkesstyret vedtar styreplan perioden 2024-2025.
Styreplan vert lagt ut på nettsida til Norsk kulturskoleråd Vestland.
3. Tatt til orientering, at samanfatta skriv frå årsmøtedelegatane med innspel til Sandal – og Stovelandutvala er sendt utvala.
4. Handlingsplan perioden 2024-2025 for utviklingsområda vert fast sak på styremøte.
5. Det er ingen forslag til vedtak.
6. Vedteke budsjett i årsmøtet for perioden vert sett i samanheng med handlingsplan perioden 2023-2025 og forventa driftstilskot frå Kulturskolerådet samanlikna med tildeling 2023.
7. Landstinget 2024 i Bodø:
 - a. Seks delegatar og to vara til landstinget 2024 i Bodø vert førespurt av fylkesavdelinga jf. innspel i styremøtet.
 - b. Det vert frå budsjettet avsett kr.15 000 til delegatar frå Norsk kulturskoleråd Vestland.
 - c. Saker til landstinget får prioritert i styrearbeidet våren 2024.
8. Det er inga framlegg i saken.

Saksutgreiing:

1. Retningslinjer for reiserekning og styreinstruks vert sak på arbeidsmøte 1.2.2024.
2. Styreplan perioden 2024-2025 vert sak på arbeidsmøte 1.2.2024.
3. Samanfatta skriv frå årsmøtedelegatane med innspel til Sandal – og Stovelandutvala er vidare sendt utvala og tatt opp i digitale leiarmøte. Fylkesstyret har fått samanfattinga og tar den opp i arbeidsmøte 1.2.2024.
4. Mal for handlingsplan perioden 2024-2025 for utviklingsområda vert lagt fram og drøfta på arbeidsmøte 1.2.2024.
5. De unges festspilldag (DUFD) og De unges festspillforestilling (DUFF) 2024 vert sak på arbeidsmøte 1.2.2024. Prosjektleiing innleier til dialog i saka.
6. Vedteke budsjett i årsmøtet for perioden vert sett i samanheng med handlingsplan perioden 2023-2025 og forventa driftstilskot frå Kulturskolerådet jf. tildeling 2023.
7. Landstinget 2024 i Bodø:
 - a. Fylkesstyret drøfter delegasjon til landstinget 2024 frå Vestland. Seks delegatar og to vara til landstinget 2024 i Bodø vert førespurt jf. vedtektene.
 - b. Kulturskolerådet si leiing går inn for intern fordeling av utgifter i høve landstinget 2024. Fylkesavdelinga lyt i budsjettet sette av kr.15 000 til delegatar frå Norsk kulturskoleråd Vestland.
 - c. Saker til landstinget 2024 er gitt frist til medlemmene innan 15. mars å sende til fylkesavdelinga. Fylkesstyret drøfter saker og framdriftsplan.
8. Årsmøte 2025 i Norsk kulturskoleråd Vestland skal i samsvar med gjeldande vedtekter være gjennomført innan utgangen av november. Styret drøfter stad og tid med forbehold om endra vedtekter.
Medlemmene og samarbeidspartar lyt få orientering etter landstinget 2024.

2024.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Munnleg framlegging

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting og hovudstyre og utviklingsplan for utviklingsområda.

1. Delegatar frå kommunane på årsmøte i Norsk kulturskoleråd Vestland:
Status for delegatar til årsmøte i Vestland og drøfting av representasjon.
2. Nye folkevalde i kommunane og i fylkeskommunen:
Kva gjer fylkesavdelinga i høve kommunikasjon og informasjon om dei kommunale kulturskulane? Dialog.
3. Planarbeidet i kommunane og kulturskulane: ny planstrategi vert vedteken innan eitt år.
Dialog om saka..
4. Dialogmøta i regi av Vestland fylkeskommune i høve ny utviklingsplan har vore sak for AU, og det vart førebudd eit kort innlegg. Møta vert arrangert på Stord, i Bergen og i Førde:
[Sjå meir informasjon her – Utviklingsplan 2024-2028 – Scenario Vestland 2040](#)
Representasjon: styremedlem Øystein Røsseland Kvinge på Stord, styreleiar i Bergen og nestleiar i Førde. Orientering frå dei som representerte og dialog.
5. Konferanse i regi av Vestland fylkeskommune 19.1.2024 om [Musikk som helsefremjande tiltak](#). I møtet representerte styremedlem Karianne Kayser, og ho orienterer frå konferansen. Fylket si avdeling for Kultur og folkehelse har sett ned eit nytt [samarbeidsforum](#), som mellom anna skal sjå på korleis musikk kan bidra til gode skulemiljø og på kva måte musikk og helse kan bidra til integrering av flyktningar. Dialog om saka.
6. Det er avtala møte med Vestland fylkeskommune 8. februar. Politisk og administrativ leiing frå to avdelingar tek del: Opplæring og kompetanse og Hovedutvalet Kultur, idrett og inkludering for avdeling Kultur og folkehelse. Fylkestyret ser på kva ein kan ta med i møtet for å betre samhandling i Vestland.

2024.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Utviklingsplan perioden 2022-2023 på [nettsida](#) til Kulturskolerådet.
Vedlegg i e-post til styret: forslag til mal for handlingsplan perioden 2024-2025.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Handlingsplan perioden 2024-2025 vert utarbeidd som offentleg dokument for arbeidet med utviklingsområda og lagt på nettsida til Norsk kulturskoleråd under Vestland.

Saksutgreiing:

Perioden 2022-2023

Utviklingsområda var perioden 2022-2023 fast sak på styremøta.

Utviklingsplan for styreperioden vart vedteken på grunnlag av prosess på utviklingsplan for utviklingsområda i fylkesstyret og innspel frå medlemmane.

Om utviklingsområda

Utviklingsområde er eit område som får særleg fokus i styreperioden.

Målet er at Norsk kulturskoleråd både i fylka og nasjonalt får realisert førande dokument og vedtak.

Organisasjonen som heile arbeider saman med fylkesavdelingane i operasjonalisering av valt utviklingsområde. Val av utviklingsområde vert gjort på bakgrunn av lokale interesser, tilgjengelege ressursar og organisasjonens føringar. Forsking viser, at ein organisasjon handterer eitt, maksimalt to utviklingsområde samstundes. Fylkesstyret såg likevel grunn til å sjå tre utviklingsområde i samanheng for synergieffekt. Dei la fram forslag om det til årsmøtet, som vedtok følgjande på årsmøtet 2023:

Vedtak:

1. Med grunnlag i organisasjonen sine strategiar, vedtak og føringar, vedtek årsmøtet perioden 2023–25 å vektlegge utviklingsområda digitalitet, fordjuping og mangfald.
2. «Fremtidens kulturskole» vert rammeverk for utviklingsarbeidet perioden 2023–25.
3. Fylkesstyret får mandat til endringar i tråd med landstingsvedtak, sentrale føringar frå myndigheitene og samfunnsutviklinga.

Samrøystes vedteke.

Om Framtidas kulturskule

«Fremtidens kulturskole» gir rammeverk, tankesett og arbeidsmåtar. I arbeidet med operasjonalisering av utviklingsområde, vil «Fremtidens kulturskole» gi eit godt fundament. Piloten «Fremtidens kulturskole» vart gjennomført i samarbeid mellom KS og Norsk kulturskoleråd med deltakarar frå ulike kommunar. Sjå: [Fremtidens kulturskole - KS](#)

Det vert no regionale program, der Vestland si fylkesavdeling på vegne av medlemmene hausten 2023 meldte interesse for deltaking.

Framtidas kulturskule er tenkt implementert i utviklingsarbeidet med digitalitet, fordjuping og mangfald. Framtidas kulturskule som metodisk rammeverk kan gje kommunane og kulturskulane eit solid fundament for tenleg samhandling og samskaping i tråd med det Meld. St. 18(2020-2021) oppmodar til.

Handlingsplan perioden 2024-2025

Det er forslag frå administrasjonen å utarbeide handlingsplan som vert vedteken og lagt på nettsida. I tråd med tankesettet for Framtidas kulturskule, lyt ein samhandle med dei planen er tenkt for. Handlingsplanen kan ein sjå som eit dynamisk dokument i fylkesavdelinga sitt arbeid perioden 2024-2025, i den forstand at dei oppgåver ein ser som kjem i perioden og er relevante for vedtak og styringsdokument vert handsama så langt mogleg. Korleis ser fylkesstyret for seg at utarbeiding av handlingsplanen vert lagt opp? Kva innhald ser fylkesstyret som viktig å få med i planen?

2024.06 Orienteringar

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er ingen saker til orientering.

Fylkesstyret vert oppmoda til å legge fram orienteringar i møtet.

2024.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.